

*Ynskjer du avtale om*  
**ARBEIDSPRAKSIS ...**

KONTAKT

***Aetat - Sogndal***

*v/Mary Ann Wik eller  
Jarle Aarvoll*

***Tel: 57 67 77 20***

***E-post:***

**[aetat.sogndal@aetat.no](mailto:aetat.sogndal@aetat.no)**

***Aetat Sogndal***

***Fossetunet 3 – Postboks 233***

***6852 Sogndal***

***KOM INNOM FOR  
EIN PRAT.....***

**ARBEIDSPRAKSIS**



*-for arbeidssøkarar med innvandrarbakgrunn*



*Bilete: Youssif har fullført arbeidspraksis gjennom Aetat, og er i dag i lønna arbeid.*

*Aetat si rolle  
i introduksjonsprogrammet*



## **Introduksjonsprogram**

- er eit heildagstilbod som skal kvalifisere busette flyktningar til deltaking i norsk samfunns- og arbeidsliv. Programmet er samansett av norskopplæring, språkpraksis, arbeidspraksis og evt. andre kvalifiserande tiltak.

Sogndal kommune startar opp introduksjonsprogram 01.09.2004 – i samarbeid med Aetat.

## **Arbeidspraksis**

- deltakarar i introduksjonsprogrammet som har nådd tilstrekkeleg språknivå, får tilbod om arbeidspraksis gjennom Aetat. Tilbodet skal styrke deltakaren sin muligheit for å kome i arbeid eller vidare utdanning, og kan kombinerast med norskopplæring i regi av kommunen.

## **Målsetjing med arbeidspraksis**

- å prøve ut den enkeltes muligheiter på arbeidsmarknaden
- å gje tilbod om opplæring og oppdatering.
- å tilby arbeidsgjevarar arbeidskraft over ein prøveperiode
- å rekruttere arbeidssøkarar med innvandrarbakgrunn til norsk arbeidsliv.
- å ta i bruk innvandrarane sin medbrakte kompetanse – til beste for samfunn og individ.
- deltakaren skal få ein attest og ein referanse for vidare jobbsøking.

## **Kva inneber arbeidspraksis?**

- Aetat inngår avtale med arbeidsgjevar for den enkelte deltakar.
- deltakaren får relevant arbeidserfaring mht. individuell plan.
- deltakaren vert rekna som ekstraordinær arbeidskraft, og skal ikkje fortrenge ordinær arbeidskraft.
- den tillitsvalde i bedrifta skal orienterast om avtalen.
- bedrifta skal peike ut ein fadder som har hovudansvar for oppfølging i avtaleperioden.
- bedrifta har ingen forpliktelsar til vidare engasjement/jobb etter avslutta avtaleperiode, men deltakaren er arbeidssøkar - og kan vere aktuell for tilsetjing også i avtaleperioden.
- praksisperioden varer frå 6-10 månader.
- dersom deltakaren får jobb, kan arbeidspraksisen avsluttast på kort varsel.

## **Økonomi**

- arbeidsgjevar mottok driftstilskot etter faste satsar pr. måned. Personar som deltek i arbeidspraksis mottok statleg introduksjonsstønad\* via kommunen. Dette medfører at arbeidsgjevar ikkje har lønnskostnader eller arbeidsgjevar-ansvar mht. personar i arbeidspraksis, men er likevel ansvarleg for at deltakaren er yrkesskadeforsikra.

\*(Introduksjonsstønad er den økonomiske stønaden som deltakarar i introduksjonsprogrammet mottok. Stønaden utgjer 2G, og skal dekke alle private utgifter)



Daso har bygd opp arbeidserfaring gjennom ulike tiltak i regi av Aetat